

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDELS HØG

Skriv 3 korte tekstdøme der du nyttar **autoral** og **personal synsvinkel**.
I tekstdøme 2 og 3 nyttar du den same teksten, men i døme 3 fortel du
i 3. person (preteritum). La ikona inspirere deg i skrivinga!

**1****Autoral synsvinkel:**

Noko seinare kasta Gunnar atgeiren mot Bork. Spydet råka han midt på, gjekk gjennom han og stod i vollen. Kolskjegg hogg så hovudet falt av Hauk Egilsson, og Gunnar hogg arma av Ottar, i albogen. Då sa Starkad: "Lat oss fly no, det er ikkje folk vi slæst med."

**2****Personal synsvinkel (1. person):**

Eg er visst berre ein hund. Desse menneskeborna som passar meg, forstår ikkje at eg treng kvile. Kvifor skal dei dra meg opp på desse fjelltoppane midt i den verste sommarvarmen?

**3****Personal synsvinkel (3. person):**

Han var visst berre ein hund, tenkte han. Desse menneskeborna som passa han, forstod ikkje at han trengde kvile. Kvifor skulle dei dra han opp på desse fjelltoppane midt i den verste sommarvarmen?